



MØTEINNKALLING

Utval: Arbeidsmiljøutvalet
Møtedato: 20.05.2019
Møtetid: Kl. 13:00
Møtestad: Samnangerheimen

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til sørvissenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissenteret.

Åse W. Tveit
Leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
004/2019	19/454	Faste saker	
005/2019	19/181	Godkjent HMS-plan 2019	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Linda-Sofie Frøland	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 19/454	Løpenr: 19/3859
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Arbeidsmiljøutvalet	20.05.2019	004/2019

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker.

Utvalet sitt kvarter.

Oversikt over innmeldte referat-/orienteringssaker:

- Sjukefråvær, 1. kvartal 19
- Avvik, status
- Bedriftshelseteneste, ny avtale 2020
- Organisasjonsendring, status
- Konfliktsak, status



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Anette Følid	Arkivkode: FE-440
Arkivsaksnr: 19/181	Løpenr: 19/3860
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Arbeidsmiljøutvalet	20.05.2019	005/2019

Godkjent HMS-plan 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Overordna HMS-plan 2019 for Samnanger kommune vert vedteken.

Dokument som er vedlagt:

Overordna HMS-plan 2019

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune har avtale med Bedriftshelse1 om kjøp av bedriftshelsetenester. Etter avtalen skal omfanget vera om lag 116 timar pr. år.

Kvart år skal det settast opp HMS-plan for kommunen og einingane. Planen skal inneholda overordna mål og kvar eining/avdeling skal ha eigne lokale HMS-planar, basert på overordna plan.

Det vart gjennomført møte med bedriftshelsetenesta, 03.04.2019 og 10.04.2019, Hilde-Lill Våge, Åse W. Tveit og Anette Følid deltok frå kommunen. Frå bedriftshelsetenesta deltok Vegard Kolve.

I dette møtet var det bestemt kva punkt administrasjonen ønsker å ha fokus på i år:

- Sjukefråvær
- Arbeidsmiljø
- Avvik
- Risikokartlegging

Desse punkta er overordna, og gjeld for alle einingane.

Etter lunsj 03.04 og heile 10.04, var einingsleiarar med lokale verneombod, på møte med Vegard og Anette for å gå gjennom kva dei lokale planane skal inneholda, korleis det skal jobba med den og kva som er tanken bak å ha lokale HMS-planar. Det var eit møte pr. eining.

Vegard informerte om kva bedriftshelsetensta kan bistå med, kva krav som ligg til kommunen og einingane og korleis me best mogleg kan jobba med HMS.

Anette har laga ein mal basert på den overordna planen, som alle leiarar skal ha som utgangspunkt for dei lokale HMS-planane. Planane skal utarbeidast saman med lokalt verneombod. Det er og sendt ut skjema for risikokartlegging og eit eige skjema til Teknisk drift og reinhald som gjeld eksponering av kjemikaliar.

Leiarane har frist til 24.05.19 for å levera inn HMS-plan til HR. Planane vert deretter sendt til Bedriftshelse1.

Vurderingar og konsekvensar:

Sjukefråvær har kommunen hatt fokus på lenge, og dette arbeidet fortset. Det er gode resultat i fleire av einingane, og leiarane har fått oppfølging og kurs i sjukefråvær både i 2018 og i 2019.

Arbeidsmiljø skal vera fokus i alle einingar til ei kvar tid. Hausten 2018 vart det gjennomført 10-Faktor undersøking. Med utgangspunkt i resultatata av denne undersøkinga, skal kvar eining ta èitt tema som dei skal jobba vidare med i år.

I helse og omsorg er dei flinke å melde avvik, men det vert fortsatt meldt for lite avvik generelt i kommunen. Me har elektronisk avvikssystem som gjer det enklare å melde inn og enklare for mottakar/leiar å administrera.

Rådmannen ønsker ennå meir avvik og at alle leiarar og verneombod hjelper til å med å få auka avvik i 2019.

Risikokartlegging har det ikkje vert gjort nok av i kommunen. I overordna plan er det lagt vekt på at alle einingar skal gjennomføra ein risikokartlegging pr. år, og i år har me fokus på vald og trugslar. Dersom einingar har andre områder dei ønsker å kartlegge, er det i orden.

Overordna HMS-plan 2019 for Samanger kommune

Våre verdier – Kvalitet, tillit og framsynt

1. Målsetjingar

Samnanger kommune skal ha fokus på HMS, nærvær og avvik.

Mål for 2019

- **Avvik**

Det er tatt i bruk elektronisk avvikssystem i kommunen. Dette gir leiarane og administrasjonen god oversikt over alle avvik som er meldt. Det kan tas ut rapportar og statestikkar. Statestikk på avvik vert lagt fram i AMU.

- **Arbeidsmiljø**

Arbeidsmiljø skal alltid vera i fokus – i heile kommunen. Arbeidet med arbeidsmiljøet i einingane er bastert på 10-Faktor undersøkinga som vart gjennomført på hausten 2018. Alle einingar skal jobba med minimum eitt av punkta som kom fram.

- **Sjukefråvær**

Samnanger kommune skal på kort og lang sikt opptre inkluderande. Kommunen ønsker å auka nærveret i alle einingar, og leiarane har fått opplæring innanfor sjukefråværsoppløving. Dette er eit viktig tema innanfor leiaroppløvinga.

- **Risikokartlegging**

For å få på plass eit godt HMS-arbeid i alle einingar, skal det gjennomførast risikokartleggingar kvart år. Kommunen ønsker fokus på vald og trugslar i 2019, men einingane kan velga andre reelle kartleggingsområder dersom det er meir heniktsmessig.

2. Lokale HMS-planar

Administrasjonen utarbeida overordna HMS-plan saman med hovudverneombod. Deretter skal alle einingsleiarar, saman med lokale verneombod, ha møte med HR-leiar og kontaktperson frå bedriftshelsetenesta, i byrjinga av året. Alle einingar skal ha den overordna planen som utgangspunkt når dei byrja å jobba med dei lokale planane sine.

Lokale HMS-planar skal visa korleis einingane tenker å jobba med måla i sin eining. Denne planen skal utarbeidast saman med verneombod og ferdig utarbeida plan skal inn til HR.

Det skal utarbeidast plan/rutinar/tiltak på alle måla i HMS-planen.

Alle andre HMS-tiltak som einingane har, skal førast opp i den lokale planen. Dette kan variera frå eining til eining, for eksempel personalmøter, sosiale samankomstar, vernerunde, medarbeidarsamtale osv.

3. Ivareta HMS-arbeidet

Det er lagt opp til AMU-møter 4 gongar i året, møtene vert holdt ute i einingane for å «ufarleggjera» møtene for tilsette i kommunen.

Det er fokus på leiaropplæring og leiarforum. Sjukefråværsoppfølging er tema det jobbast mykje med, kursing og leiarstøtte.

Alle leiarane er introdusert for bedriftshelsetenesta og oppfordra til å bruka dei meir enn tildlegare. Bedriftshelsetenesta kan bistå i fleire saker, med kurs og med diverse undersøkingar.

4. Opplæringsbehov

Alle nye verneombod har vore på 40-timarskurs. Det er sterkt anbefalt at leiarar som ikkje har teke kurs for leiarar, melder seg på snarast råd.

Meir opplæring i avvikssystemet kan vera eit behov for nokon.